



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 203/1 - Fyllingen - oppretting av ny grunneigedom / deling - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 21.10.22.

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom frå gnr. 203 bnr. 1. Arealet er oppgjeve til å vera om lag 1150m². Vi oppfattar søknaden slik at arealet skal samanføyast med gnr. 203 bnr. 35, men søknaden er som kommunen skriv uklar. Arealet ligg i LNF-formål i kommuneplanen og i strandsona.



Område i KPA Lindås



Ortofoto 2020

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.



Slik vi forstår saka, så skal det omsøkte området samanføyast med ein fritidseigedom. Området ligg i strandsona og er LNF-formål. Sjølv om det i søknaden står at det ikkje er planer om å bygge på området, meiner vi likevel det er uheldig å samanføye dette område med fritidseigedomen. Det kan skape eit framtidig press og ein forventning om å få bygge her. Det er også ein fare for at arealet vert brukt som innmark/hage for fritidsbustaden og på den måten vert privatisert.

Slik vi ser det vil ein deling som omsøkt, vere uheldig for den langsiktige forvaltninga av strandsona.

Statsforvaltaren rår ifrå frådeling av dette arealet. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering

Med helsing

Nicolas J. I. Rodriguez
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN